

KOMMISJONSDIREKTIV 2002/4/EF

2005/EØS/9/06

av 30. januar 2002

om registrering av verksemder som held verpehøner, og som er omfatta av rådsdirektiv 1999/74/EF(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 1999/74/EF av 19. juli 1999 om fastsettelse av minstestandarder for vern av verpehøner⁽¹⁾, særleg artikkel 7, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 1999/74/EF er det fastsett særlege krav til vern av verpehøner i ulike oppdrettsformer, og at medlemsstatane kan velje den oppdrettsforma eller dei oppdrettsformene som er mest føremålstenlege.
- 2) I samsvar med artikkel 7 i direktiv 1999/74/EF skal medlemsstatane syte for at dei verksemdene som er omfatta av verkeområdet til det nemnde direktivet, vert registrerte av den rette styresmakta i medlemsstaten og får eit identifikasjonsnummer som skal vere ein reiskap for sporing av egg som vert marknadsførde for konsum.
- 3) I samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 1907/90 av 26. juni 1990 om visse marknadsstandarder for egg⁽²⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 5/2001⁽³⁾, er det obligatorisk å påføre egga ein kode som identifiserer verksemda til produsenten og opplyser om kva oppdrettsform som er nytta.
- 4) Med omsyn til økologisk produksjon er oppdrettsformene fastlagde ved kommisjonsforordning (EØF) nr. 1274/91 av 15. mai 1991 om fastsettelse av nærmere regler om gjennomføringen av forordning (EØF) nr. 1907/90 om visse marknadsstandarder for egg⁽⁴⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 1651/2001⁽⁵⁾ og dessutan ved rådsforordning (EØF) nr. 2092/91 av 24. juni 1991 om økologisk produksjonsmetode for landbruksprodukter og slik angivelse på landbruksprodukter og næringsmidler⁽⁶⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 2491/2001⁽⁷⁾.
- 5) Registrering av verksemder under identifikasjonsnummer er eit vilkår som sikrar at det skal vere mogleg å spore egg som vert marknadsførde for konsum.

- 6) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

1. Medlemsstatane skal
 - a) innføre ei ordning for registrering av alle produksjonsstader (heretter kalla «verksemder») som er omfatta av verkeområdet til direktiv 1999/74/EF, og tildele dei eit identifikasjonsnummer, i samsvar med vedlegget til dette direktivet,
 - b) syte for at den rette styresmakta i den aktuelle medlemsstaten, for kvar verksemd og innan ein frist som medlemsstaten fastset, får oversendt minst dei opplysningane som er fastsette i nr. 1 i vedlegget. Denne fristen skal vere lang nok til at det vert mogleg å registrere desse verksemdene i samsvar med bokstav c),
 - c) syte for at dei verksemdene som det vert gjeve opplysningar om innan den fristen som er fastsett i medhald av bokstav b), vert registrerte og innan 31. mai 2003 får tildelt eit identifikasjonsnummer.
2. Frå og med 1. juni 2003 skal medlemsstatane syte for at
 - a) verksemder som det ikkje er gjeve opplysningar om i medhald av nr. 1 bokstav b) innan den fastsette fristen, ikkje lenger får halde fram med drifta, og at
 - b) nye verksemder ikkje skal setjast i drift før dei er vortne registrerte og har fått tildelt eit identifikasjonsnummer.
3. Medlemsstatane skal syte for at det registeret over verksemder som er skipa i medhald av nr. 1, vert gjort tilgjengeleg for den rette styresmakta, med sikte på sporing av egg som vert marknadsførde for konsum.
4. Medlemsstatane skal syte for at den rette styresmakta straks får melding om endringar i dei registrerte opplysningane, og at registeret straks vert ajourført når slike opplysningar vert mottekne.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal innan 31. mars 2003 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks sende Kommisjonen teksta til desse føresegnene.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 30 av 31.1.2002, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 25/2003 av 14. mars 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 29 av 5.6.2003, s. 7.

⁽¹⁾ TEF L 203 av 3.8.1999, s. 53.

⁽²⁾ TEF L 173 av 6.7.1990, s. 5.

⁽³⁾ TEF L 2 av 5.1.2001, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 121 av 16.5.1991, s. 11.

⁽⁵⁾ TEF L 220 av 15.8.2001, s. 5.

⁽⁶⁾ TEF L 198 av 22.7.1991, s. 1.

⁽⁷⁾ TEF L 337 av 20.12.2001, s. 9.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 30. januar 2002

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

Definisjonane i artikkel 2 i direktiv 1999/74/EF skal nyttast der det er naudsynt.

1. OPPLYSNINGAR SOM KREVST FOR REGISTRERING

For kvar verksemd skal minst følgjande opplysningar registrerast:

- verksemda:
 - namnet på verksemda,
 - adresse,
- den fysiske personen som har ansvaret for verpehønene (heretter kalla «oppdrettaren»):
 - namn,
 - adresse,
 - registreringsnummeret eller -numra til andre verksemder som er omfatta av verkeområdet til direktiv 1999/74/EF, og som vert drivne eller er eigde av oppdrettaren,
- eigaren av verksemda, dersom denne er ein annan enn oppdrettaren:
 - namn,
 - adresse,
 - registreringsnummeret eller -numra til andre verksemder som er omfatta av verkeområdet til direktiv 1999/74/EF, og som er eigde eller vert drivne av eigaren,
- fleire opplysningar om verksemda:
 - oppdrettsform(er) i samsvar med dei definisjonane som er nemnde i nr. 2.1,
 - den høgste kapasiteten til verksemda, i talet på høner som det er plass til samstundes. Dersom det vert nytta ulike oppdrettsformer, skal det opplysast om talet på høner som det er plass til samstundes, per oppdrettsform.

2. IDENTIFIKASJONSNUMMER

Identifikasjonsnummeret skal vere samansett av eit siffer som opplyser om oppdrettsforma i samsvar med den koden som er fastsett i nr. 2.1, følgd av den koden som er fastsett for medlemsstaten og førd opp i nr. 2.2, og eit identifikasjonsnummer som er fastsett av den medlemsstaten som verksemda ligg i.

2.1. Kode for oppdrettsform

Dei oppdrettsformene som er definerte i forordning (EØF) nr. 1274/91 med endringar, skal påførast ved å nytte følgjande kode:

- 1 Egg frå frittgåande høner
- 2 Egg frå høner som går på stro
- 3 Egg frå burhøner

Den oppdrettsforma som er nytta i verksemder som driv produksjon etter vilkåra som er definerte i forordning (EØF) nr. 2092/91, skal påførast ved å nytte følgjande kode:

- 0 Økologisk produksjon

2.2. Kode for registreringsmedlemsstaten

- AT Austerrike
- BE Belgia
- DE Tyskland
- DK Danmark
- ES Spania
- FI Finland
- FR Frankrike
- GR Hellas
- IE Irland
- IT Italia
- LU Luxembourg
- NL Nederland
- PT Portugal
- SE Sverige
- UK Det sameinte kongeriket

2.3. Identifisering av verksemda

Kvar medlemsstat skal gjennomføre ei ordning som inneber at kvar verksemd får tildelt eit særskilt nummer som òg kan nyttast til andre føremål enn føremåla med dette direktivet, på det vilkåret at identiteten til verksemda er sikra.

Medlemsstatane kan leggje til fleire siffer i identifikasjonsnummeret, t.d. for å identifisere ulike flokkar som vert haldne i åtskilde bygningar i den same verksemda.